

**Samla inn over 12.000 kroner**

På Bø skule har elevar og lærarar har i haust samla inn 12.453 kroner til flyktningearbeidet i Syria. Pengane er sendt til Røde kors. 5., 6. og 7. trinn har baka og hatt kantinesal og 2. trinn har hatt foreldrekafé for å samle inn pengane.

70 ledige i Bø

Per 17. desember var det 70 heilt arbeidsledige i Bø kommune. Dette er 2,4 prosent av arbeidsstyrken og seks færre ledige enn på same tid i fjor. Naboane våre i den framtidige Midt-Telemark-kommunen har også ei positiv utvikling siste år. Sauherad har 51 ledige som er 2,3 prosent, medan Nome har 76 som tilsvare ei ledigheit på 2,3 prosent. Sauherad har tolv færre ledige enn på same tid i fjor, medan talet i Nome er minus sju.

Ungdomsledigheita går ned

Per 17. desember var det registrert 2.965 heilt ledige ved NAV i Telemark. Dette er 3,4 prosent av arbeidsstyrken. Talet på ledige mellom 20 og 30 år i fylket er nå 833 personar, som er 5,4 prosent av arbeidsstyrken i denne aldersgruppa. Det er ein nedgang på 113 personar frå desember i fjor. Talet på langtidsledige i Telemark, dei som har vore heilt arbeidsledige

Folkeavstemming 10. april



KOMMUNEREFORMA

– Det blir folkeavstemming om kommunesamanslåing 10. april dersom me har blitt einige om intensjonsavtalen. Dessutan skal innbyggjarane vere med å bestemme kommunenamnet.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det seier ordførar Olav Kasland (V). Fredag 18. desember hadde forhandlingsutvalet eit nytt møte der det oppsummerte det som hadde skjedd på arbeidsmøtet om kommunesamanslåing i Vrådal 15. til 16. desember.

Kasland opplyste etter møtet at det også har kome eit nytt innspel frå regjeringa. Det blir ikkje nødvendig å bestemme namn på den nye kommunen med ein gong. Innbyggjarane skal involverast i namnsetjinga og ein har betre tid. Inntil eit nytt namn er klart brukar ein Midt-Telemark kommune som arbeidstittel.

Ikkje utsett frist

Torstein Haukvik frå Sauherad sa på møtet i Vrådal at ein i Sauherad ønskjer å utsetje kommunestyremøtet 28. januar i fire veker. På dette møtet skal kommunestyra ta stilling til om det vil sende ut intensjonsavtale slik at innbyggjarane kan seie sitt. Sauherad vil også forhandle med Notodden, Hjartdal og Seljord om mogleg samanslåing, men den prosessen er kome



Nye framskritt. Forhandlingsutvalet med ordførarane i spissen skal sjå meir på fordeling av einingar kommunane imellom på møtet 5. januar. F.v. Mette Haugholt (Ap), Sauherad, Bjørg Tveito Lundefaret (Ap), Nome, Olav Kasland (V), Bø.

mykje kortare. Derfor ønskte ein utsetjing.

– Me har diskutert det og det blir 28. januar for alle, seier Kasland.

Datoen 28. april står også fast. Då skal kommunestyra seie ja eller nei etter at folk har sagt sitt. Det formelt korrekte namnet på runden der innbyggjarane skal seie meininga si på ein eller annan måte, er innbyggjarinvolvering. Uttrykket høyring har blitt brukt, men Kasland seier at formelt sett er ei høyring noko anna.

Same dato for folkeavstem-

ming

I Bø og Nome er det bestemt at innbyggjarinvolveringa skal skje ved folkeavstemming, den blir 10. april. Då skal folk seie om dei går for samanslåing eller ikkje. Ei folkeavstemming i Noreg er etter reglane berre rådgjevande og politikarane kan i prinsippet velje å ikkje følge resultatet. Kasland sa under møtet i Vrådal at i praksis så er ei folkeavstemming bindande. Han opplyste at formannskapet har diskutert det og det vil ikkje gå imot det som blir fleirtal, nesten uansett.

Sauherad har ikkje bestemt på kva måte kommunen skal involvere innbyggjarane. Det skal kommunestyret bestemme i møtet 28. januar. Dersom det ikkje blir ved folkeavstemming skal resultatet av involveringa gjerast kjent samtidig med resultatet av folkeavstemminga.

Også utan Nome

Kasland har vore blant dei som har talt sterkt for ei samanslåing i Midt-Telemark. Men han understreka i Vrådal at han ikkje seier ja uansett, han vil sjå intensjonsavtala først.

På møtet 18. desember såg også forhandlingsutvalet på talet på stillingar i tenester som er flyttbare. Talet på stillingar er viktig når ein skal fordele tenestene mellom dei tre kommunane. Det arbeidet vil bli teke opp att på et nytt møte i forhandlingsutvalet 5. januar.

11. januar eller seinast 14. januar skal forhandlingsutvalet skrive under intensjonsavtala. Dersom dei har blitt einige. Det har Kasland tru på at ein blir. Han håpar også at intensjonsavtala blir godt mottatt..



VI BYGGER DRØMMEBOLIGEN FOR DEG

For huskatalog, se hellvikhus.no
BETONMAST TVB Bolig
Georg Førland | Tlf. 952 45 013

VI HAR
BYGGEKLARE
TOMTER

Forhandler av **HELLVIK HUS**
Bygg med glede!

BETONMAST